

KOMMISJONSVEDTAK

2002/EØS/47/22

av 28. august 2001

om fastsetjing av miljøkriteria for tildeling av fellesskapsmiljømerket til jordbetningsmiddel og dyrkingsmedium (*)

[meldt under nummeret K(2001) 2597]

(2001/688/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1980/2000 av 17. juli om ei revidert fellesskapsordning for tildeling av miljømerke⁽¹⁾, særleg artikkel 3, 4 og 6, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I artikkel 3 i forordning (EF) nr. 1980/2000 er det fastsett at miljømerket kan tildelast eit produkt som har eigenskapar som gjer at det medverkar til ei monaleg betring av dei viktigaste miljøfaktorane.
- 2) I artikkel 4 i forordning (EF) nr. 1980/2000 er det fastsett at det skal fastsetjast særlege kriterium for tildeling av miljømerke for kvar produktgruppe.
- 3) I artikkel 4 i forordning (EF) nr. 1980/2000 er det fastsett at både kriteria for tildeling av miljømerke og krava med omsyn til vurdering og kontroll i samband med kriteria skal vurderast på nytt i god tid før slutten av det tidsrommet som dei kriteria som er spesifiserte for kvar produktgruppe, gjeld for, og vurderinga skal føre til eit framlegg om lenging, tilbakekalling eller revisjon.
- 4) Kommisjonen har ved vedtak 98/488/EF⁽²⁾ fastsett miljøkriterium for tildeling av fellesskapsmiljømerket til jordbetningsmiddel, som etter artikkel 3 i det nemnde vedtaket, endra ved vedtak 2001/157/EF⁽³⁾, skal gjelde fram til 30. september 2002.
- 5) Definisjonen av produktgruppa og dei miljøkriteria som vart fastsette ved vedtak 98/488/EF bør reviderast, slik at det vert teke omsyn til marknadsutviklinga.
- 6) Det bør gjerast eit nytt kommisjonsvedtak der det vert fastsett særskilde miljøkriterium for denne produktgruppa som skal gjelde i eit tidsrom på fem år.

- 7) Både dei nye kriteria som vert fastsette ved dette vedtaket, og dei kriteria som er fastsette tidlegare ved vedtak 98/488/EF, bør gjelde samstundes i eit avgrensa tidsrom på høgst tolv månader, slik at føretak som har fått tildelt miljømerket for produkta sine før dette nye vedtaket vart gjort, har nok tid til å kunne tilpasse desse produkta slik at dei vert i samsvar med dei nye kriteria.
- 8) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er vortne utarbeidde og vedtekne i samsvar med dei framgangsmåtane for fastsetjing av kriterium for tildeling av miljømerke som er fastsette i artikkel 6 i forordning (EF) nr. 1980/2000.
- 9) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå det utvalet som er oppnemnt ved artikkel 17 i forordning (EF) nr. 1980/2000 —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

Produktgruppa «jordbetningsmiddel og dyrkingsmedium» (heretter kalla «produktgruppa») omfattar

- jordbetningsmiddel: materiale som er meinte som tilsetjing i jorda på staden, først og fremst for å betre eller halde ved lag dei fysiske eigenskapane hennar, og som kan betre dei kjemiske og/eller biologiske eigenskapane eller den kjemiske og/eller biologiske aktiviteten hennar,
- dyrkingsmedium: andre materiale enn jord på staden, som planter vert dyrka i.

Artikkel 2

Den innverknaden som produktgruppa har på miljøet, slik ho er definert i artikkel 1, skal vurderast ut frå dei særskilde miljøkriteria som er førde opp i vedlegget.

Artikkel 3

Definisjonen av og kriteria for produktgruppa skal gjelde i fem år frå den dagen dette vedtaket tek til å gjelde.

Tidsrommet som definisjonen av produktgruppa og kriteria som er fastsette ved vedtak 98/488/EF skal gjelde for, skal lengjast slik at det går ut tolv månader etter den dagen dette vedtaket tek til å gjelde.

(*) Denne fellesskapsrettsakta, kunngjord i TEF L 242 av 12.9.2001, s. 17, er nemnd i avgjerd i EØS-komiteen nr. 7/2002 av 1. februar 2002 om endring av vedlegg XX til EØS-avtala (Miljø), sjå EØS-tillegget til Tidend for Dei europeiske fellesskapa nr. 18 av 4.4.2002, s. 9.

⁽¹⁾ TEF L 237 av 21.9.2000, s. 1.

⁽²⁾ TEF L 219 av 7.8.1998, s. 39.

⁽³⁾ TEF L 57 av 27.2.2001, s. 51.

Artikkel 4

For administrative føremål vert produktgruppa tildelt kodennummeret «003».

Artikkel 5

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 28. august 2001.

For Kommisjonen
Margot WALLSTRÖM
Medlem av Kommisjonen

VEDLEGG

MÅLSETJING

For at eit jordbetningsmiddel eller dyrkingsmedium (heretter kalla «produktet» eller «produkt») skal kunne tildelast miljømerket, må det høyre inn under den produktgruppa som er definert i artikkel 1, og stette kriteria i dette vedlegget på grunnlag av prøvingar som i samband med søknaden er vortne gjennomførde i samsvar med dei metodane som det er gjort greie for i kriteria.

Prøving skal eventuelt gjennomførast i samsvar med dei prøvingsmetodane som er utvikla av det tekniske utvalet CEN 223 «Jordbetningsmiddel og dyrkingsmedium».

Prøvetaking skal utførast i samsvar med dei metodane som er fastsette av CEN/TC 223 (arbeidsgruppe 3), slik det er definert og godkjent av CEN i standarden EN 12579 — Jordbetningsmiddel og dyrkingsmedium — prøvetaking. Dersom det krevst prøving eller prøvetaking som ikkje er omfatta av desse prøvetakingsmetodane, skal det rette organet eller dei rette organa som skal vurdere søknaden (heretter kalla «det rette organet») opplyse om kva prøvings- og/eller prøvetakingsmetodar som det/dei reknar som høvelege.

Det kan eventuelt nyttast andre prøvingsmetodar dersom det rette organet som vurderer søknaden, meiner at dei er jamgode. Dersom det ikkje er nemnt noka prøving, eller dersom prøvingane skal gjennomførast for kontroll- eller tilsynsføremål, bør dei rette organa leggje til grunn fråsegnar og dokumentasjon frå søkjaren og/eller resultat av uavhengige kontrollar.

Dei rette organa vert rådde til å ta omsyn til gjennomføringa av godkjende miljøstyringsordningar, t.d. EMAS eller ISO 14001, når dei vurderer søknader og fører tilsyn med at kriteria i dette vedlegget vert stetta. (NB: Det er ikkje påkravd å gjennomføre slike styringsordningar).

Desse kriteria skal særleg

- fremje bruk og/eller attvinning av organisk materiale som stammar frå innsamling og/eller handsaming av avfallsstoff, og såleis medverke til å redusere mengda av fast avfall til disponering (t.d. på fyllplass),
- redusere miljøskadar eller miljørisiko frå tungmetall og andre farlege stoff i jordbetningsmiddel og dyrkingsmedium.

Kriteria er fastsette på ein slik måte at dei fremjar merking av jordbetningsmiddel og dyrkingsmedium som har liten innverknad på miljøet gjennom heile livetida til produktet.

MILJØKRITERIUM

1. Organiske materiale

- a) Eit produkt skal berre kunne tildelast miljømerket dersom innhaldet av organisk materiale i produktet stammar frå handsaming og/eller attvinning av avfallsstoff (slik det er definert i rådsdirektiv 75/442/EØF av 15. juli 1975 om avfall⁽¹⁾, endra ved direktiv 91/156/EØF av 18. mars 1991 om endring av direktiv 75/442/EØF om avfall⁽²⁾, og i vedlegg I til det nemnde direktivet). NB: Uttrykket «organisk» har den vanlege tydinga stoff som er samansette av, danna av eller skriv seg frå levande organismar.
- b) Produkta må ikkje innehalde slam frå reinseanlegg.

Søkjaren skal leggje fram for det rette organet detaljerte opplysningar om samansetnaden av produktet, saman med ei fråsegn om at produktet stettar dei kriteria som er nemnde ovanfor.

2. Avgrensing av farlege stoff

- a) I sluttproduktet må innhaldet av følgjande grunnstoff vere mindre enn dei verdiane som er førde opp nedanfor, målt i tørrvekt:

Grunnstoff	mg/kg (tørrstoff)
Zn	300
Cu	100
Ni	50
Cd	1

⁽¹⁾ TEF L 194 av 25.7.1975, s. 39.

⁽²⁾ TEF L 78 av 26.3.1991, s. 32.

Grunnstoff	mg/kg (tørstoff)
Pb	100
Hg	1
Cr	100
Mo (*)	2
Se (*)	1,5
As (*)	10
F (*)	200

(*) Opplysningar om førekomsten av desse grunnstoffa er naudsynte berre for produkt som inneheld industriavfall.

Søkjaren skal leggje fram for det rette organet relevante prøvingsrapportar, saman med ei fråsegn om at produktet stettar dette kriteriet.

b) Produkta må ikkje innehalde bork som er vorten handsama med plantevernmiddel.

Søkjaren skal leggje fram for det rette organet ei fråsegn om at produktet stettar dette kriteriet.

3. Ureinande fysiske stoff

I sluttproduktet (med maskestorleik > 2 mm) må innhaldet av glas, metall og plast vere mindre enn 0,5 %, målt i tørrvekt.

Søkjaren skal leggje fram for det rette organet relevante prøvingsrapportar, saman med ei fråsegn om at produktet stettar dette kriteriet.

4. Næringsinnhald

a) Konsentrasjonen av nitrogen i produktet må ikkje overstige 2 % totalt N (tørstoff), og innhaldet av uorganisk N må ikkje overstige 20 % totalt N (eller organisk N \geq 80 %).

b) Ved bruk av den mengda av produktet som er tilrådd i bruksretteleiinga, må næringsinnhaldet ikkje overstige

— 17 g/m² totalt nitrogen,

— 10 g/m² P₂O₅,

— 20 g/m² K₂O.

NB: Dette kriteriet gjeld ikkje for produkt der mindre enn 10 % (masse/masse) av næringsinnhaldet er tilgjengeleg for plantevekst i den første brukssesongen. Slike produkt (t.d. mange tildekkingsmateriale) er definerte ved eit C:N-tilhøve som er større enn 30:1.

Søkjaren skal leggje fram for det rette organet relevante prøvingsrapportar og relevant dokumentasjon, saman med ei fråsegn om at produktet stettar desse kriteria.

5. Produkteigenskapar

a) Produkta må leverast i fast form og innehalde minst 25 vektprosent tørstoff og minst 20 % organisk materiale (målt ved glødetap).

b) Produkta må ikkje ha ugunstig innverknad på spiringa eller den vidare veksten til plantene.

c) Produkta må ikkje gje frå seg plagsam lukt etter at dei er tilførde jorda.

Søkjaren skal leggje fram for det rette organet ei fråsegn om at produktet stettar desse kriteria, saman med tilhøyrande prøvingsrapportar og dokumentasjon.

6. Helse og tryggleik

Innhaldet av viktige sjukdomsframkallande bakteriar må ikkje overstige dei følgjande øvre grensene:

- *Salmonella*: Finst ikkje i 50 g
- *E. coli*: < 1 000 MPN/g (MPN: *most probable number* — mest sannsynlege tal).

Søkjaren skal leggje fram for det rette organet relevante prøvingsrapportar og relevant dokumentasjon, saman med ei fråsegn om at produktet stettar desse kriteria.

7. Spiredyktige frø/avleggjarar

I sluttproduktet må innhaldet av ugrasfrø og vegetativt foryngingsmateriale av snøgtveksande ugras ikke overstige to einingar per liter.

Søkjaren skal leggje fram for det rette organet ei fråsegn om at produktet stettar desse kriteria, saman med tilhøyrande prøvingsrapportar og/eller dokumentasjon.

8. Tilleggskriterium som gjeld særskilt for dyrkingsmedium

- a) Den organiske delen av produktet skal berre vere samansett av jordbetringsmiddel som stettar dei kriteria som er nemnde i dette vedtaket. Mineralske hjelpestoff som sand, leire osv. kan tilsetjast for å betre dei samla fysiske og kjemiske eigenskapane.
- b) Produkta må ikkje innehalde torv eller produkt som er framstilt av torv.
- c) Den elektriske leiingsevna til produktet må ikkje overstige 1,5 dS/m.

9. Produktopplysningar

Desse opplysningane skal følgje med produktet (både emballerte produkt og produkt som vert selde i laus vekt), anten påførde emballasjen eller som vedlagde opplysningsskjema:

Allmenne opplysningar:

- a) Namnet på og adressa til det organet som er ansvarleg for marknadsføringa.
- b) Ein omtale av produkttypen som inneheld uttrykket «JORDBETRINGSMIDDEL» eller «DYRKINGSMEDIUM».
- c) Eit identifikasjonsnummer for partiet.
- d) Mengda av jordbetringsmiddel (etter vekt) eller dyrkingsmedium (etter volum).
- e) Opplysningar om dei viktigaste råstoffa (over 5 volumprosent) som produktet er framstilt av, samstundes som det vert gjort skilnad på fast avfall frå byområde, landbruks- eller skogbruksavfall, industriavfall og kommersielt avfall, med oppføring av sektor (næringsmiddelindustri, papirindustri osv.).
- f) Tilrådde lagringsvilkår og tilrådd siste forbruksdato.
- g) Retningslinjer for sikker handtering og bruk.

Opplysningar om bruken av produktet:

- h) Ein omtale av bruksføremålet til produktet og eventuelle avgrensingar i bruken.
- i) Opplysningar om produktet er eigna for særskilde plantegrupper (t.d. kalksky eller kalkelskande planter).
- j) Opplysningar om stabiliteten til organiske materiale (stabile eller svært stabile) i samsvar med nasjonale eller internasjonale standardar.
- k) Opplysningar om tilrådde bruksmetodar.

Berre for jordbetringsmiddel:

- l) Tilrådd bruksmengde, uttrykt i kilogram eller liter av produktet per overflateining (m^2 eller hektar) per år. I den tilrådde bruksmengda skal det takast omsyn til innhald og førekomst av næringsstoff i jordbetringsmiddelet, slik at det høgste næringsinnhaldet per m^2 ikkje vert overskride. Den tilrådde bruksmengda kan òg aukast dersom middelet ikkje skal nyttast kvart år, t.d. for frilandsavlingar, og på det vilkåret at den gjennomsnittlege årlege tilførsla ikkje er høgare enn det høgste næringsinnhaldet som er fastsett for kvart næringsstoff.
- m) Konsentrasjonar av N, P_2O_5 og K_2O i den første brukssesongen.

Detaljerte opplysningar:

Parametrar for jordbetningsmiddel	Prøvingsmetodar
Fastsetjing av mengd	EN 12580
Innhald av organisk materiale og oske	EN 13039
Karbon/nitrogen-tilhøve (C:N)	C/N (*)
Innhald av fukt/tørrstoff	EN 13040
pH (uttrykt som eit område)	EN 13037
Samla nitrogen	prEN 13654/1-2
Innhald av fosfor (P ₂ O ₅) og kalium (K ₂ O)	prEN 13650
Prøving av stabilitet/mognad (det skal gjerast greie for kva prøvar som er utførde, og for resultatata av dei)	Ikkje relevant

(*) Karbon = organisk materiale (EN 13039) × 0,58
Samla nitrogen: prEN 13654/1-2

Ikkje relevant = Det finst ingen tilgjengeleg CEN-metode.

Parametrar for dyrkingsmedium	Prøvingsmetodar
Fastsetjing av mengd	EN 12580
Innhald av organisk materiale og oske	EN 13039
Karbon/nitrogen-tilhøve (C:N)	C/N (*)
Innhald av fukt/tørrstoff	EN 13040
pH (uttrykt som eit område)	EN 13037
Elektrisk leiingsevne	EN 13038
Næringsstoff som er løyselege/kan takast opp av plantene (nitrat, ammonium, fosfat, kalium)	EN 13652
Prøving av stabilitet/mognad (det skal gjerast greie for kva prøvar som er utførde, og for resultatata av dei)	Ikkje relevant
Romvekt, luftvolum, vassvolum	EN 13041

(*) Karbon = organisk materiale (EN 13039) × 0,58
Samla nitrogen: prEN 13654/1-2

Ikkje relevant = Det finst ingen tilgjengeleg CEN-metode.

Søkjaren skal leggje fram for det rette organet ei fråsegn om at produktet stettar desse kriteria, saman med tilhøyrande prøvingsrapportar og dokumentasjon, medrekna eit eksemplar av emballasjen og/eller det vedlagde opplysnings skjemaet.

10. Opplysningar på miljømerket

Felt 2 av miljømerket skal innehalde følgjande tekst:

- medverkar til å redusere jord- og vassureining,
- fremjar bruk av organisk avfall,
- medverkar til gjere jorda meir grøderik (NB: dette gjeld berre jordbetningsmiddel og ikkje dyrkingsmedium).